



Åse Sletten  
Ørnetua 13  
5955 LINDÅS

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 14/7610 - 14/27612

Saksbehandlar:  
Benjamin Hicks  
Benjamin.Hicks@lindas.kommune.no

Dato:  
11.12.2014

## Avvising av søknad - gbnr 102/126 Vabø - garasje med bod og carport

Vi viser til Dykkar søknad om oppføring av garasje med bod og carport, motteken med vedlegg den 21.11.2014.

### Vurdering

Det er registrert fleire manglar ved søknaden. Manglane gjeld blant anna følgjande forhold:

- Eigar av gnr 102 bnr 50 og gnr 102 bnr 6 har ikkje blitt nabovarsla. Gjenparten av nabovarselet er ikkje sendt inn til kommunen. Kommunen veit difor ikkje kva naboar har blitt varsla om
- Tiltaket si plassering er i strid med godkjent reguleringsplan. Det er ikkje sendt inn grunnlagt dispensasjonssøknad frå regulert byggegrense. Vi gjer deg merksam på at naboar skal varslast om eventuell dispensasjonssøknad
- Opplysningar vedrørande minste avstand til midten av vegen er ikkje vist på situasjonsplanen. Avstanden er ikkje 6 meter som skildra i søknaden.
- Situasjonsskartet som er nytta i saka kan ikkje nyttast. Det må nyttast oppdatert situasjonsskart utgitt av Lindås kommune i målestokk 1:500.

Dette er ikkje å sjå på som ei fullstendig liste av alle manglane i saka.

Søknaden er ikkje fullstendig i samsvar med pbl. § 21-2 og byggesak kapittel 5. Søknaden er vurdert å vere for mangelfull til at den vert teke til handsaming.

### Gebyr

Søknadspåleggte tiltak vert gebyrlagt i medhald av kommunen sitt gebyrregulativ. Det vert sendt faktura til tiltakshavar.

Referanse til gebyrregulativet:	Tal:	Sum:
10.2.11 Avvist sak	12	2.100
Totalt å betale:		<b>2.100</b>



**Vedtak:**

Søknaden vert avvist, då han ikkje tilfredstiller lovgivinga sine krav. Ny, komplett og kvalitetssikra søknad må sendast inn til kommunen dersom saka skal verte teke opp til realitetshandsaming.

Dokumenta vert arkivert i kommunen.

**Klagerett**

Vedtaket kan påklagast til kommunen, jfr. fvl. § 28. Klagefristen er 3 veker frå den dagen De mottok vedtaket. Det er nok at klagen er postlagd innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til etaten som har gjort vedtaket. I klagen skal det gå fram kva som vert påklaga (vedtak) og kva endringar De som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.

**Vilkår for å reise sak for domstolane om vedtaket:**

Partane vert med dette gjort merksam på at søksmål om gildskapen av vedtaket eller krav om erstatning som fylgje av vedtaket, ikkje kan reisast utan at vedkomande part har nytta høve til å klage på vedtaket, og at klagen er avgjort av høgaste klageinstans som står open (fylkesmannen). Søksmål skal likevel i alle tilhøve kunne reisast når det er gått 6 månadar frå klage fyrste gong blei levert, og det ikkje er grunna forsømming frå klagar si side at klageinstansens avgjerd ikkje føreligg jf. forvaltningsloven § 27 b.

Med helsing

Tor Hegle  
einingsleiar

Benjamin Hicks  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Åse Sletten

Ørnetua 13

5955

LINDÅS